

Litteratur Ungdomsbok



Lene Ask debuterer som ungdomsbokforfatter med ei boka som handlar om å koma i puberteten, om forelsking, om å kjenna seg annleis – og om vennskap.

FOTO: JULIE PIKE/GYLDENDAL

– Ein katastrofe å bli tenåring

► Som tenåring var Lene Ask sikker på at ho aldri ville få kjærast, sidan ho både hadde raudt hår og frekner. **Den kjensla hentar ho fram** når ho debuterer som ungdomsbokforfatter, og skriv om Lilly med hareskåret.

STAVANGER

– Eg vil påstå at tenåra er den verste perioden i livet. Eg er glad eg overlevde, seier Lene Ask, og legg til:

– Eg kjenner ingen som hadde det fint i den perioden – sjølv om me sjølv sagt lét som om me hadde det bra.

Denne veka debuterer den prisløna illustratøren og barnebokforfatteren – som eigentleg er utdanna fotograf – som ungdomsbokforfatter, med romanen «Det hjelper ikke å blunke». Boka handlar om Lilly, som får pupper ho prøver å skjula. Men viktigare: Ho blir forelska i bestevennen Are. Ho, som er overtydd om at ho er annleis og ser så feil ut at ingen nokon sinne vil få lyst til å kysa henne. Så då blir jo alt feil.

Tenåringstrøbbel

– Som tenåring ønskjer ein jo å bli sett – men ein ønskjer å bli sett på rett måte. Dette skjer samtidig som

ein utviklar ei snikande kjensle av at det er noko gale med ein sjølv – og redsla for at nokon skal sjå det, seier Ask.

Same dag som Ask debuterer med si ungdomsbok, ramlar ei pressemelding inn i Aftenbladets kulturredaksjon om ei ny sakprosa-bok: «Tenåringshjernen – Hjerneforskerens overlevelsesguide til livet med ungdom». Boka er skriven av hjerneforskeren Frances E. Jensen, som plutsleg verken kunne forstå eller forutseia kva som skjedde då ungene hennar kom i tenåra.

– Å bli tenåring er jo ein katastrofe. Du har det eigentleg heilt fint, tenkjer ikkje så mykje gjennom korleis du ser ut. Men så blir du plutsleg veldig klar over det, og mange kjenner seg heilt mislukka. Krava til korleis ein skal sjå ut blir ikkje mindre påtrengjande av sosiale medium, der du heile tida ser andre og må visa deg sjølv fram. Det finst ingen stader å gøyma seg, seier Ask.

Hennar viktigaste mål med den nye romanen er å fortelja at det er heilt vanleg å kjenna seg mislukka – og at det eigentleg er ei heilt grei erfaring å ha med seg vidare i livet.

– For du kjem deg altså ut i den andre enden, på eitt eller anna vis, seier Ask.

Skriv bilete

Ask er fotograf og illustratør. Men nå leverer ho altså ei bok heilt utan illustrasjonar, der alle bileta må skapast med ord.

– Eg har hatt lyst til å skriva lenge, men har ikkje tort før nå. Då eg først begynte, fann eg ut at det eigentleg er ganske likt som å jobba med bilete og med tekst: Eg ser for meg bileta slik eg ville teikna dei, og så skriv eg dei ned, seier Ask.

Strengt tatt syns ho det var enklare å skriva, for då kan ho også skriva kva som går føre seg inne i hovudet på karakterane. Det går ikkje når du bare teiknar dei.

Lene Ask (f. 1974)

► Oppvaksten

i Stavanger, utdanna fotograf frå Kunsthøgskolen i Bergen.

► Illustratør og forfatter.

Har gitt ut fire teikneserieromanar og fleire barnebøker.

► «Hele Rogaland leser» trykka 50.000 eksemplar av «Hitler, Jesus og farfar» i 2011.

► Vann Kulturdepartementets teikneseriepris for «Neste gang blir alt riktig» i 2013.

► Debuterer som ungdomsbokforfatter med «Det hjelper ikke å blunke».

– Den visuelle bakgrunnen din påverkar dermed skrivninga di?

– Eg ser for meg scenene, og føler at eg fortel visuelt, sjølv om eg bruker ord. Så pregar det jo språket at eg skriv for folk frå 13 år og oppover. Men eg liker enkelt språk. Ting treng ikkje vera meir komplisert enn nødvendig. Men: Nå er jo dette første romanen min, så det gjenstår jo å sjå om dette var ein god idé.

– Har du testa romanen på ungdommar?

– Eg kjenner jo veldig få ungdommar, så det er ganske skummelt. Håper dei føler det er ei relevant bok, og at eg ikkje bare har skriva noko tantete greier. Eg testa teksten på éi, men ho var altfor oppteken på Snapchat til å lesa ferdig. Så akkurat då tenkte eg at dette var ein dårlig idé.

– Til gjengjeld fekk du deg både mann og barn?

– Ja. Eg fann ein mann som heile livet hadde drøymt om å finna ei med raudt hår og fregner. Tenk om eg hadde visst det då eg var ungdom!

JAN ZAHL

jan.zahl@aftenbladet.no